

[Over til Sogn og Fjordane](#)

15.12.2009

Saka om byggjing av hytte ved Mannsvatnet vandrar vidare i byråkratiet og no er ho sendt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Det er fornyings- og administrasjonsdepartementet som har gjort det fordi fylkesmannen i Hordaland er inhabil til å handsama saka.

Det er fordi embetet har påklaga vedtaket i forvaltningskomiteen om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for oppføring av hytte for Thomas Fjelland Eide. Komiten har vedteke å ikkje ta klagen til følgje.

Departementet har på grunn av inhabiliteten oppnevnt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som settefylkesmann til å avgjera klagen.